



# Årsmelding 2015 Handballgruppa

Styret i handballgruppa 2015:

Maria Kalstad Brun (leiar)  
Oddmund Hoel (leiar for minihandballen og utstyransvarleg)  
Gunn Helen Sandvik (dommarpengansvarleg)  
Jorunn Sie (lisensansvarleg)

Handballgruppa tel 100 spelalar, 12 trenarar og 10 lagleiarar

## Aktivitet

Året 2015 har vore ein middels god sesong for handballgruppa. Me har hatt ca. 100 spelalar fordelt på 9 lag, (7 alders-bestemt). Det har vore fleire aktive på trening, men ikkje så mange aktive i kamp. Styret har hatt 3 møter 1 før sumaren og 2 på hausten.

## Utfordringar

Hausten 2015 bydde og på ein del utfordringar ifht at handballforbundet bytte til nytt system i oppstarten av sesongen. Dette førte til at all administrative oppgåver i forbindelse med lisens og påmelding var berre tilgjengeleg for den registrerte handballeiar i klubben. Dette har medført betydeleg større arbeidsmengd på leiar i oppstart denne hausten. Og det har tatt tid for å få feil og manglar på plass i nytt system. Alt er ikkje på plass enda. Dette medførte og ein pause på sportsplanen som leiar har jobba med. Sportsplanen er ikkje ferdig og treng oppfylgjing frå kommande leiargruppe.

## Sportslege oppturar

På våren 2015 reiste J13, G14 og J14 på turnering i Stryn og gjorde det veldig bra. Guttelaget kom heim med 2.plass og pokal. Hausten 2015 bydde på ein del utfordringar, då det var fleire spelalar som iløpet av sumaren bestemte seg for å slutte med handball, og me måtte trekke fleire lag frå serien. I tillegg måtte fleire av laga våre søkje om dispensasjon på eldre spelalar som trengte speletilbod i klubben.

Sportsleg er det kjekt å sjå at så mange gutter ynskjer å spele handball, og at me no ser fleire aldersbestemte lag i både jente og gutte-serie. Hausten 2015 vart og ein opptur for damelaget som fekk seg ein trenar. Dette merkast også på kampresultatet og damelaget vårt ligg i skrivande stund godt an i 4. divisjon.

Gaupne 20. februar 2016

**Maria C. Kalstad Brun**  
-Leiar Handball-